

# Referat frå årsmøte i Valdres Folkemusikklag

12. mars 2009

Vedlegg: Revidert årsmelding og reviderte vedtekter:

Tilsaman 30 personar møtte:

**Tilstades med stemmerett:** Valdreskvelven spel- og dansarlag: Inger Sørum og Jan Sparstad Vestre Slidre  
Folkemusikk- og Dansarlag: Randi Før og Guri Marie Hegge Øystre Slidre spel- og dansarlag; Bente Okshovd og Anne Marie Skeie Vårflaumen spel- og dansarlag; Kjellbjørn Karsrud og Lise Lunde Brennhagen Etnedal spel- og dansarlag; Bergljot Hedda Lunde Begnaljom spel- og dansarlag; Torunn Bolstad og Trygve Bolstad Valdreslaget i Oslo; Elisabeth Bring og Brit B. Totland

**Tilstades frå styret:** Leiar Kjell Bakken, nestleiar Frode Rolandsgard, skrivar Magne Olav Selland, Ingar Ranheim (repr. frå valdresmusea as), Ivar Hemsing og Solveig Hårdnes (tilsettere representant)

**Valnemnda:** Jan Arne Sebuødegård (leiar), Randi Før og Ole Aastad Bråten

**Andre frammøtte utan stemmerett, men med talerett:** Svein Erik Hilmen, Oddrun Hegge, Nils Rogn, Knut Aastad Bråten, Stian Roland, Ellen Persvold og Ingvild Lie (tilsett)

**Gjestar:** Nils Øyvind Bergset - styreleiar i LfS

Medlemmene av valnemnda, Jan Arne Sebuødegård, Randi Før og Ole Aastad Bråten hadde møte i løpet av årsmøtet og var difor ikkje tilstades under heile møtet. Dei var borte under delar av gjennomgangen av årsmeldinga og rekneskapen, men var elles tilstades.

## SAK 1: Opning:

Styreleiar Kjell Bakken ønskte velkomen og Kjellbjørn Karsrud opna møtet med hardingfeleslåten «Ein tå veksaro» som han hadde etter opptak med Olav Moe.

Oppropet viste at det var 13 tilstades med stemmerett.

Oddrun Hegge og Nils Rogn vart vald til ordstyrarar.

Magne Olav Selland og Frode Rolandsgard vart vald til skrivarar.

Torunn Bolstad og Inger Sørum vart vald til å skrive under protokollen.

Innkalling og sakliste vart godkjend.

## SAK 2: Årsmelding:

Årsmeldinga vart lagt fram for årsmøtet av styreleiar Kjell Bakken.

### Tillegg:

**Styret i Folkemusikklaget:**

Ingvild Lie var vararepr. for tilsettere representant.

**Styret:** Siste styremøtet var 12. mars og det vart dermed handsama 74 saker.

**Valdreskappleiken:**

Det var mellom 50 og 60 startnummer.

**Jørn Hilme-stemnet:**

JH arrangerte seminaret kulturbasert næringsutvikling / næringsbasert kulturutvikling saman med VNK.

**Leiarmøte:**

Valdreslaget i Oslo var heller ikkje tilstades på møtet den 6. november.

**Fadderordninga:**

Ny tekst:

Stryk heile setninga som startar med «På bakgrunn av dette vart det ...»

**Vedtak:**

Årsmøtet tek årsmeldinga til vitande med endringane nemnde over.

Revidert og underskriven årsmelding ligg ved årsmøtereferatet.

## **SAK 3: Rekneskap**

Det vart delt ut ny rekneskapsoversikt på årsmøtet med nokre små endringar. Årsmøtet godtok dette.

Rekneskapen for VFL drift syner eit overskot på kr. 7 951,-

Rekneskapen for Jørn Hilme-stemnet syner eit underskot på kr. 88 136,54

Rekneskapen for Strunkeveko syner eit underskot på kr. 21 335,02

Samla årsresultat for heile VFL i 2008 var eit underskot på 109 737,-

Eigenkapitalen for VFL som heilheit per 31.12.08 er på kr. 214 882,93 inkludert minnefonda.

Frie midlar er kr. 99 497, 20

Revisorberetning vart lesen opp.

**Vedtak:**

Årsmøtet godkjenner dei framlagde rekneskapa for 2008

Regnskap 2008 og budsjett 2009 ligg ved årsmøtereferatet.

## SAK 4: Omorganisering

Styreleiar Kjell Bakken orienterte om omorganiseringssaka. Årsmøtet drøfta om det skulle bli eit AS.

Stemminga var positiv til å stifte eit AS, men det var delte meiningar om prosessen og om eigarskapen. Nokon meinte det hadde kome for lite informasjon til laga, noko styret var usamde i, ved at det var halde fleire orienteringsmøte og informert i Låt ó link.

Spørsmålet om eigarskap dreide seg om i kor stor grad lokallaga skulle få direkte stemmerett i generalforsamlinga, og slik kunne vera med å utvikle stemnet, og kjenne størst mogleg eigarskap til stemnet. Fleirtalet i styret meinte at det vart tungvint med to parallelle regionale organisasjonar, som bae bestod av dei same eigarane, og at VFL idag er den regionale aktøren, styrt gjennom årsmøtet i VFL. Vidare meinte fleirtalet i styret at spørsmålet om lokallaga skulle vera direkte eigarar var for lite gjort greie for, og at ein difor burde opprette AS-et no, med same eigarskapsstruktur som Hilmestemnet og Strunkeveko har i dag, der lokallaga i VFL styret gjennom årsmøtet.

Nokre av lokallaga møtte med bunde mandat om at dei berre ville stemme for eit AS dersom lokallaga var direkte eigarar. Frode Rolandsgard fremja eit kompromissframlegg om at styret i VFL skulle greie ut eigarskapen i løpet av førstekomande arbeidsår.

### **Framlegg til vedtak:**

Årsmøtet gir styret fullmakt til å stifte Valdres folkemusikkarrangement AS

Årsmøtet vedtok framlegget.

### **Tilleggsframlegg:**

Årsmøtet ber styret i VFL greie ut spørsmålet om lokallaga skal vera medeigarar i AS-et og legge det fram for neste års årsmøte.

Årsmøtet vedtok framlegget.

## SAK 5: Vedtektsendring

Mellom anna med grunnlag i vedtak i årsmøtesak 4 gjorde årsmøtet einstemmige vedtak om vedtektsendringar. Det var liten debatt om endringane.

§ 2. Endringsframlegg vedtake med årsmøte si endring: Ordet «aktivisering» i 2. kulepunkt blir erstatta med «bruk»

§ 4. Endringsframlegga vart vedtake med årsmøte si endring i siste avsnitt: «siste års» vart fjerna. «styre»leiar vart satt inn.

§ 6. Endringsframlegg vart vedtate, og av dei to alternativa framlegga vart det første vedtate, som ein konsekvens av vedtaket i årsmøtesak 4.

§ 10. Endringsframlegget vart vedtate.

Reviderte og underskrivne vedtekter ligg ved årsmøtereferatet.

## Helsing

Nils Øyvind Bergset helsa frå Landslaget for Spelemenn, og orienterte om FolkemusikkNM og omorganiseringsprosessen.

## SAK 6: Arbeidsprogram

Årsmøtet sluttar seg til det framlagde arbeidsprogrammet for 2009

## SAK 7: Medlemspengar

Medlemskontingent og lagskontingent står som tidlegare. Kr. 75 for vaksne, kr. 25 for born og lagskontingen kr. 1000,-

Ikkje-medlem kan abonnere på Låt o link for kr. 100,-

## SAK 8: Budsjett

Styret orienterte om endring i det framlagde budsjettet for Valdres folkemusikklag – drift:

Lønn og honorar – andre: frå 7000 til 5000

Anna leige, note 10: summen er fjerna

Nytt resultat 31 400

Årsmøtet vedtek det framlagde budsjettet med endringane over.

## SAK 9: Val

Valkomiteen v/ Jan Arne Sebuødegård la fram forslaget til nytt styret.

Årsmøtet fekk ikkje opplyst at Kjell Bakken hadde trekt seg før ny leiarkandidat vart lagt fram. Først då vart dette stadfesta på eit direkte spørsmål frå Trygve Bolstad. Trygve Bolstad kravde deretter skriftleg val.

Valnemnda kom med einstemmig framlegg om Frode Rolandsgard som ny leiar i VFL.

Valnemndmedlem Randi Før kom deretter med benkeframlegg om Bergliot Hedda Lunde som ny

leiar. Lunde ville ikkje stille, men Før nekta å trekke framlegget sitt, som difor vart stemt over.

Frode Rolandsgard fekk 8 stemmer  
Bergljot Hedda Lunde fekk 3 stemmer  
2 stemte blank.

Frode Rolandsgard vart dermed vald til ny leiar i VFL.

Valnemnda la deretter fram følgjande kandidatar, som alle vart vald einstemmig.

Magne Olav Selland tok attval for to år.  
Gyda Grøndalen Hoffman vald for eitt år.  
(tek plassen til Frode, og er på val etter eitt år)  
Oddrun Hegge vald som styremedlem for to år.  
1. vara: Bente Hemsing  
2. vara: Johanna Fuglesteg  
3. vara: Bjørg S. Berge

-----

Ivar Hemsing vart vald for to år på årsmøtet i 2008.

Styret består i tillegg av ein representant frå Valdresmusea AS, som sjølv vel sin representant. Representanten frå Valdresmusea AS Vfl, Ingar Ranheim, informerte om at han ikkje tok attval.

#### **Valnemnd:**

Randi Før vald for 3 år i 2007, trakk seg frå å vere med vidare. Årsmøtet innvilga fritak.

Nils Leine vart vald som ny medlem for tre år.

Som erstattar for Randi kom framlegg om at styret skulle finne nytt medlem, men det kom også framlegg om Kjell Bakken. Stemmetalet for desse to alternativa var likt, og leiaren av valnemnda avgjorde dette med dobbelstemma si. Årsmøtet gav dermed styret i Vfl fullmakt til å finne nytt medlem

-----

Ole Aastad Bråten var vald for 3 år i 2008

#### **Minnfond**

Jørgen Trøen vart vald som nytt medlem for tre år.

Ref: Magne Olav Selland og Frode Rolandsgard

To til å skrive under protokollen:

*Torunn # Bolstad.*

Torunn Bolstad

*Inger Sørum*  
Inger Sørum